

## Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 1 2024

Tidspunkt: 23. januar 2024, kl. 09.00-11.00

Møtestad: Langesgate 3

### Forslag til dagsorden:

**I Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**II Godkjenning av protokoll frå møtet 7. desember**

Protokollen er sendt ut.

**III Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleder**

### Vedtakssaker

**Sak 1/24 Studieplanar i ny modell**

Notat frå lektorsenteret

**Sak 2/24 Kortpraksis i ny modell – løysingar for fleksible dagar**

Notat frå lektorsenteret

**Sak 3/24 NOU 2023:27 *Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel***

Notat frå lektorsenteret

### Orienteringssaker

**Sak 4/24 Høyring: *Forslag til forskrift til ny opplæringslov og forslag til ny forskrift til privatskoleloven.***

Notat frå lektorsenteret

**Sak 5/24 Oppfølging av programevaluering av PPU - kartlegging av emnedimensjonering**

Notat frå programstyret til PPU

**Sak 6/24 *Lærernes dag***

Munnleg orientering frå lektorsenteret

**Sak 7/24 Lektorutdanningskonferansen ved UiB, 2024**

Munnleg orientering frå lektorsenteret

**Sak 8/24 Nytt frå praksisutvalet**

Munnleg orientering frå lektorsenteret

**Sak 9/24 Open dag**

Munnleg orientering frå lektorsenteret

- Sak 10/24**    **Rekruttering**  
Notat frå lektorsenteret
- Sak 11/24**    **KI-samarbeid med Vestland fylkeskommune**  
Munnleg orientering frå lektorsenteret
- Sak 12/23**    **Eventuelt**

**Sak 1/24      Studieplanar i ny modell**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 23. januar 2024**

ephorte: 24/30

---

### Bakgrunnsdokument

#### Studieplanar for:

- Lektorprogram i naturvitskap og matematikk – [MAMN-LÆRE – studieretning biologi](#)
- Lektorprogram i naturvitskap og matematikk – [MAMN-LÆRE – studieretning fysikk](#)
- Lektorprogram i naturvitskap og matematikk – [MAMN-LÆRE – studieretning kjemi](#)
- Lektorprogram i naturvitskap og matematikk – [MAMN-LÆRE – studieretning matematikk](#)
- Lektorprogram i [nordisk – MAHF-LÆNO](#)
- Lektorprogram i [historie eller religion – MAHF-LÆHR](#)
- Lektorprogram i [framandspråk \(engelsk, fransk, spansk eller tysk\) – MAHF-LÆFR](#)
- Lektorprogram i sosiologi – MASV-LÆSO – vil bli ettersend (sjå vedlegg)

#### Emneplanar for:

- Naturvitskap og matematikk – er ikkje send inn
- [Nordisk](#)
- [Historie og religion](#)
- Framandspråk: [engelsk](#) – [fransk](#) – [spansk](#) - [tysk](#)
- Sosiologi – er ikkje send inn

### Bakgrunn og premiss

Som ein del av [redesignprosessen for lektorutdanninga](#) handsama og vedtok felles programstyre [13. november 2023, sak 62/23](#), emneplanar for profesjonsfaga i ny modell. På møtet 7. desember 2023, sak 62/23, vart emneplanar for praksis i ny modell vedteke med dei merknadene som kom fram på møtet. Fakulteta hadde frist til 1. desember 2023 for å levere inn studieplantestar til programstyret.

Det programstyret skal ta stilling til no, er utkast til studieplanar for lektorprogramma sendt frå dei respektive fakulteta. Programstyret si rolle vil vere å vurdere innhald og form i studieplanutkasta, med utgangspunkt i det overordna ansvaret programstyret har for samordning og for å sikre heilskap og samanheng i lektorutdanninga.

Styringsdokument: Rammeplanar og nasjonale forskrifter/føringar

Programstyret skal bl.a. sjå til at [forskrift om rammeplan for lektorutdanning 8–13](#) blir følgd, dvs. at studieplanane bidreg til at lektorutdanninga ved UiB tilfredsstillar krava som er formulerte i rammeplanen. I tillegg skal programstyret sjå til at studieplanane forhold seg til [nasjonale retningslinjer for lektorutdanning 8–13](#).

*Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13, §4. Nasjonale retningslinjer og studieplan:*

*(1) Det er utarbeidet nasjonale retningslinjer for lektorutdanning for trinn 8–13. Med utgangspunkt i forskriften og nasjonale retningslinjer skal den enkelte institusjon utarbeide studieplaner som*

*beskriver hvordan institusjonen legger til rette for en integrert utdanning på masternivå med helhet og sammenheng.*

*(2) Studieplanen skal inneholde bestemmelser om faglig innhold, inkludert samiske emner og tverrfaglighet, praksis, organisering, arbeidsformer, vurderingsordninger og internasjonalisering. Studieplanen skal vedtas av institusjonens styre.*

Styringsdokumenta gir på den eine sida instruksar knytte til struktur og omfang, bl.a. når det gjeld talet på praksisdagar, fordelinga mellom fag 1 og fag 2, fordelinga mellom pedagogikk og fagdidaktikk etc. På den andre sida formulerer styringsdokumenta nokre prinsipp som i større grad må tolkast og vurderast opp mot kvarandre, og som ein vil kunne tilpasse eigne mål og profilar. Det er eit generelt mål for UiB at studieplanane er formulerte med «eigne ord», dvs. at dei ikkje berre kopierer rammeplanen, og at det fagspesifikke såleis blir gjort synleg.

#### Overordna målsetting for redesign-arbeidet

Bakgrunnen for dagens redesignprosess ligg i vedtak i styringsgruppa for lektorutdanninga [27. april 2021, sak 14/21](#), om at det blir sett i gang ein prosess for å redesigne lektorutdanninga ved UiB. Det overordna målet var i følge dette vedtaket «å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkje samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfag, fagdidaktikk og pedagogikk». Styringsgruppevedtaket er stadfesta av universitetsstyret gjennom sak om organisering av lektorutdanninga ved UiB [17. juni 2021, sak 76/21](#). Der blir det vist til at det skal skje ein redesign-prosess i tråd med vedtak i styringsgruppa.

I forlenginga av styringsgruppa sitt vedtak har prosjektgruppe for redesign hatt i oppgåve å utarbeide vedtaksgrunnlag for modell og programkart, og bidra i arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar. Føringer for dette arbeidet har ved sida av universitetsstyrevedtaket vore *UiB-rapporten Arbeidsgruppe – struktur og økonomi i lektorutdanninga*, datert 13. september 2018, med desse overordna rettesnorene, nemnde i mandatet for prosjektgruppa:

- lektorutdanninga med fem ulike program skal ha eit heilskapleg studieløp med mest mogleg einskapleg form
- lektorutdanninga skal ha ei einskapleg praksisavvikling
- talet på praksisvariantar blir redusert
- praksis kan inngå som ein del av emna i fagdidaktikk og pedagogikk
- det blir innført profesjonsfagleg semester

#### Studieplan og studieretningar

I tråd med studieforskrifta til UiB §2-2 skal kvart studieprogram ha ein studieplan som inneheld namnet på studieprogrammet og eventuelle studieretningar. I den samanhengen er det verdt å kommentere at tre av lektorprogramma våre (framandspråk, historie/religion og matematikk/naturvitskap) har meir enn ei studieretning, medan to program (nordisk og sosiologi) ikkje er delt opp i studieretningar. Eksistensen av fleire studieretningar blir løyst på ulike måtar:

Lektorprogrammet i framandspråk og lektorprogrammet i historie eller religionsvitskap har utarbeidd kvar sine felles studieplanar utan å skilje mellom studieretningane når det gjeld læringsutbytte etc. Her skil lektorprogrammet i naturvitskap og matematikk seg ut ved at ein har markert fleire skilnader

mellom studieretningane og utarbeidd eitt eige dokument for kvar studieretning. Ein får på den måten fram ulike typar av læringsutbytte for studieretningane, slik at det fagspesifikke i større grad blir synleggjort. (Bruken av eigne læringsutbytte for studieretningane er ein framgangsmåte som vart skissert av MN på seminar i redesignprosjektet i 2022.) Eigne dokument for å markere ulikskapar mellom studieretningane, gjer at det i denne fasen er oversiktleg kva som høyrer til kvar einskild studieretning. Utfordringa er at ein kan få inntrykk av at det er snakk om fire ulike studieprogram for MN. Det er viktig å understreke at det framleis er snakk om eitt studieprogram for MN, om enn med fire studieretningar. Eitt studieprogram skal i følge studieforskrifta for UiB ha éin studieplan. Det betyr at ein ikkje kan ha sjølvstendige studieplanar for studieretningane. Det må difor lagast ei løysing for nettsidene til UiB der det er mogleg å få tilgang til informasjon som er spesifikk for studieretningane ved MN når ein les studieplanen for lektorprogrammet i naturvitskap og matematikk. Det kan gjerast anten som nedtrekksmeny eller som lenker. Det vil vere naturleg at MN-fakultetet i dialog med relevante aktørar formulerer ei løysing på dette. I tillegg må MN finne fram til ei løysing for korleis studieretningane blir synlege på studentane sine vitnemål, slik at ikkje alle fire studieretningar automatisk blir trykt.

### Språkføring i studieplanane

Studieplanar ved UiB skal formulerast på nynorsk. Vi føreset at MN-fakultetet ordnar det slik at studieplanen for lektorprogrammet i naturfag og matematikk òg blir formulert på nynorsk. Når det gjeld korrektur i dei ulike studieplanane, går vi ut frå at det blir ordna av fakulteta i den siste runden med kvalitetssikring.

### Innhald i studieplanane

Vi vil følge tekstkronologisk dei kategoriane som er lista opp i malane for studieplanar og berre ta føre oss dei kategoriane som er relevante å kommentere.

#### *Namn på studieprogram (nynorsk, bokmål og engelsk)*

I dei innsende studieplanane er det noko variasjon i kva namn som er brukt på programma. I FS er namna på studieprogramma som følger:

- Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk – fransk – spansk – tysk)
- Lektorutdanning med master i nordisk
- Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitskap
- Lektorutdanning med master i sosiologi (samfunnsfag)
- Lektorprogram i naturvitskap og matematikk (realfag)

#### *Namn på grad*

Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen er endra frå 1.1.2024 og det er innført ei ny formulering av namn på grad for dei integrerte lektorprogramma. Gradsnamna følgjer heretter denne forma: «**Master i [fag] med lektorkompetanse**», jfr [§ 11-2. Tillegg i namn for mastergrader](#)

Lektorprogrammet i naturvitskap og matematikk har lagt inn det nye gradsnamnet i sin studieplan, medan HF og SV må oppdatera gradsnamna i sine studieplanar.

*Omfang og studiepoeng*

*Fulltid/deltid*

*Undervisningsspråk*

*Studiestart – semester*

*Mål og innhald*

Ut frå ønsket om at lektorutdanninga skal framstå som heilskapleg og mest mogleg einskapleg, er det føremålstenleg med fellesformuleringar og felles innhaldsinnslag der det ikkje er faglege grunnar som talar for noko anna.

På bakgrunn av dette blir MAHF-LÆNO tilrådd å ta inn følgjande avsnitt som dei andre lektorprogramma har inkludert i sine studieplanar:

*Lektorutdanninga skal kvalifisere studentane til å vidareutvikle skolen som institusjon for læring og danning i eit demokratisk og fleirkulturelt samfunn. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og som kan ta medansvar for elevar si læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare faglege og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje samhandling og kritisk refleksjon kring fag, undervisning og læring.*

Generelt i studieplanane er det vidare eit mål å ha ei einskapleg ordbruk slik at det er lett å kjenne igjen dei ulike komponentane i utdanninga på tvers av studieretningane. Ein bør bruke nemninga «disiplinfag» der det er behov for å skilje mellom profesjonsfaga og disiplinfag, og nemningane «fag 1» og «fag 2» om dei to disiplinfaga.

*Læringsutbytte*

Også når det gjeld læringsutbytte er det ønske om å unngå ulikskapar som ikkje er tydeleg faglege motiverte. Studieprogramma bør vere mest mogleg konsistente i formuleringsmåtane, slik at ein ikkje blir forvirra med tanke på kva for fenomen det blir referert til i tekstane.

Det er nokre generelle prinsipp for formulering av læringsutbytte, som må vurderast i høve til kvarandre: a) LUB-ane skal synleggjere det som er fagspesifikt, b) LUB-ane skal tilfredsstillе LUB-ane i rammeplanen, utan å kopierer dei, c) LUB-ane bør òg ha likskapar på tvers av program, for å få fram heilskapen og samanhengen i lektorutdanninga.

Det er elles "kandidaten" og ikkje "studenten" som skal ha oppnådd kompetansemåla.

Det er vidare ønskeleg at adjektivbruken knytt til læringsutbytte òg er konsistent på lågare og høgare nivå, t.d. at ein ved HF/SV omtalar *solid kunnskap* i fag 1 og *brei kunnskap* i fag 2.

Rammeplanen er tydeleg på at det samiske skal kome til uttrykk i studieplanar for lektorutdanninga. Dette er tilfredsstillt i studieplanane, med unntak av studieplanen for lektorprogrammet i naturvitskap og matematikk, der det må leggjast inn.

Særleg kommentar til lektorprogrammet i nordisk: Hausten 2022 spela nordiskmiljøet inn formuleringa «har kunnskap om samisk litteratur og språktilhøve», og den formuleringa integrerer det samiske i fagstoffet i større grad enn rammeplanformuleringa «har kunnskap om samiske tilhøve». Nordiskmiljøet blir oppmoda om å halde på denne reviderte formuleringa i staden for

rammeplanformuleringa som ligg i det innsendte framlegget.

Særleg kommentar til lektorprogrammet i framandspråk: Det er her ikkje spesifisert forventingar om at kandidatane skal ha ferdigheiter i å vurdere arbeidet til elevane. Framandspråkmiljøet blir oppmoda om å få det inn i studieplanen.

#### Læringsutbyttepunkt om pedagogikk

Pedagogikkmiljøet har utvikla nokre kulepunkt som omtaler læringsutbyttet i pedagogikkdelen av studiet på programnivået. Ein gjennomgang tyder på at dei aktuelle kompetansane er dekt i LUB-ane som er formulerte for dei ulike lektorprogramma. Dei aktuelle punkta er:

##### *Kunnskap*

- *har kunnskap om utviklingen av skolen som organisasjon og fagene som skole-, kultur-, og forskningsfag og bred forståelse for skolens mandat, opplæringsens verdigrunnlag og opplæringsløpet*
- *har kunnskap om ungdomskultur og ungdoms utvikling og læring i ulike sosiale og flerkulturelle kontekster*

##### *Ferdigheter*

- *kan gjennomføre et selvstendig, avgrenset og profesjonsfaglig forskningsprosjekt under veiledning og i tråd med gjeldende forskningsetiske normer*

##### *Generell kompetanse*

- *kan opptre profesjonelt og kritisk reflektere over og analysere faglige, profesjonsetiske, forskningsetiske og utdanningspolitiske spørsmål og problemstillinger*

#### *Opptakskrav*

Omtalen av opptakskrav må vere likt utforma i alle lektorprogramma til HF og SV og oppdaterte med følgjande tekst:

*Generell studiekompetanse og kravkode [LÆRALT](#):*

- *gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timer) og*
- ***anten** gjennomsnittskarakter 3 eller betre i matematikk (224 timer) og minst 40 skulepoeng, **eller** gjennomsnittskarakter 4 eller betre i matematikk (224 timer) og minst 35 skulepoeng (Karakterkravet i matematikk blir også dekt dersom ein har bestått eitt av følgjande programfag: S1, S2, R1 eller R2)*

*I tillegg: Politiattest (jf. forskrift om opptak til høgare utdanning, kapittel 6)*

For studieplanane til MN må det i tillegg til eksisterande tekst, leggjast inn følgjande:

*I tillegg: Politiattest (jf. forskrift om opptak til høgare utdanning, kapittel 6)*

#### *Tilrådde forkunnskapar*

Også her vil vi påpeike behovet for mest mogleg einskaplege formuleringar mellom både program og studieretningar. Studieplanen bør innehalde informasjon om tilrådde forkunnskapar både for fag 1 og fag 2. Dette er allereie gjort for lektorprogrammet i naturvitskap og matematikk.



For MAHF-LÆNO, MAHF-LÆHR og MASV-LÆSO bør det derfor leggjast inn informasjon om kva som er tilrådde forkunnskapar for å kunne velje framandspråk som fag 2.

**Forslag til tekst:**

- *Studentar som vel engelsk som fag 2 bør ha språkkunnskapar tilsvarande minimum engelsk fellesfag og helst studieførebuande programfag i engelsk frå vidaregåande skole.*
- *Studentar som vel tysk, fransk eller spansk som fag 2 bør ha ...*

*Innføringsemne*

I følgje studieforskrifta er det ingen innføringsemne til masterstudia, det gjeld berre for bachelorprogram. Såleis er det ikkje føremålstenleg å ha dette feltet fylt ut.

*Obligatoriske emne*

Det blir føreslått ein felles og generell tekst om dei ulike komponentane i studiet: pedagogikk, praksis, fagdidaktikk og disiplin-fag, og at dei enkelte emna vert omtala under *rekkefølge for emne i studiet*.

**Forslag til felles tekst:**

*I programmet inngår emne i [fag 1], fag 2, fagdidaktikk, pedagogikk og ex.phil. Dei fleste emna er obligatoriske. Ei oversikt over kva emne som er obligatoriske vil ein finne under «Rekkjefølge for emne i studiet».*

*Praksis (alternativ 2):*

*Totalt inngår 100 dager praksis:*

- *10 dager som del av PEDA130*
- *10 dager som del av [didaktikkemne]*
- *2 x 35 dager som egne langpraksisemner*
- *10 dager kampuspraksis*

*Spesialisering*

*Tilrådde valemne i studiet*

*Rekkefølge for emne i studiet*

Studieplanane må oppdaterast med dei nye emnekodane i både disiplin- og profesjonsfaga. I tillegg må dei ti kampuspraksisdagane leggjast inn i dei respektive semestera :

- 2. semester: KAMPUSDAG 1 og KAMPUSDAG 2
- 4. semester: KAMPUSDAG 3 og KAMPUSDAG 4
- 5. semester: KAMPUSDAG 5
- 7. semester: KAMPUSDAG 6 og KAMPUSDAG 7
- 8. semester: KAMPUSDAG 8
- 10. semester: KAMPUSDAG 9 og KAMPUSDAG 10

**Merknad om fagkombinasjonar i ny modell:**

Lektorutdanninga ved UiB skil seg ut ved å ha ein svært open modell for fagkombinasjonar, primært når det gjeld HF/SV. Problematikken knytt til fagkombinasjonar vart teken opp som diskusjonssak i programstyresak 25/23. Programstyret konkluderte då med at ein vil kome tilbake til saka for vedtak. Ei avklaring burde ideelt sett ha vore gjort før vedtak om studieplanar i 2024. Når det likevel ikkje er gjort enno, må det presiserast at det vil kunne kome justeringar på akkurat dette punktet.

#### *Delstudium i utlandet*

UiB skal leggje til rette for at studentane kan ta minst eitt semester ved eit utanlandsk universitet i løpet av den femårige utdanninga. I framlegg til studieplanar er tidspunkt for utanlandsopphald ikkje spesifisert av alle. Studieforskrifta for UiB presiserer at studieplanar skal innehalde informasjon om «høve til og plassering av utveksling». Såleis må det kome informasjon om aktuelle tidspunkt.

Det er generelt ønskeleg at kvar studieretning har minst eitt semester knytt til fag 1 som kan nyttast til utanlandsopphald. Blant aktuelle semester er det, ved sida av 6. semester, blitt peikt på at 7. semester kan vere aktuelt ettersom semesteret ikkje lenger blir brukt til langpraksis. Nokre fagmiljø har gitt tilbakemelding om at ein vil opne for utanlandsopphald både i 4. og 6. semester. I den samanhengen er det verdt å ta omsyn til at 4. semester høyrer til fag 2, og at det vil vere som tilbydar av fag 2 at eit fagmiljø kan leggje til rette for utanlandsopphald i dette semesteret.

På bakgrunn av desse premissane har vi summert opp følgande foreløpige tilbakemeldingar frå fagmiljøa, som gir eit bilete av korleis fagmiljøa tentativt tenkjer seg utvekslingsordningane i sine program:

Fag	2. semester	4. semester	6. semester	7. semester	Praksis
<b>MN</b>			(X)	(X)	8. semester
<b>Sosiologi fag 1</b>			X		
<b>Sosiologi fag 2</b>		X	X		
<b>Nordisk fag 1</b>				X	
<b>Nordisk fag 2</b>					
<b>Historie fag 1</b>			X		
<b>Historie fag 2</b>		X	X		
<b>Religion fag 1</b>			X		
<b>Religion fag 2</b>		X	X		
<b>Engelsk fag 1</b>			X	(X)	
<b>Engelsk fag 2</b>					
<b>Tysk fag 1</b>			X	X	
<b>Tysk fag 2</b>		X			
<b>Fransk fag 1</b>	X (4 veker)		X	X	
<b>Fransk fag 2</b>		X (4 veker)	X		
<b>Spansk fag 1</b>			X	X (obligatorisk)	
<b>Spansk fag 2</b>		(ev. ved unntak)	X		

#### **Merknader:**

Tilbakemeldingane tyder på at fleire av fagmiljøa ikkje har bestemt seg for kva for semester dei ser

på som ideelle for utveksling. Det blir vist til at ein treng tid til å avklare interne fagkombinasjonar, kva for fordjupingsemne som er aktuelle etc. Vi må såleis ikkje tolke tabellen ovanfor som ein fasit.

Når det gjeld tidspunkt som tentativt er antyda for dei ulike lektorprogramma, ser vi at alle program med unntak av nordisk opnar for utanlandsopphald i sjette semester. Det er overraskande at nordisk ikkje ønskjer utveksling dette semesteret, då signalet tidlegare har vore at dette semesteret eignar seg.

Sjette semesteret har vore ope for utveksling lenge, og med redesignprosjektet skulle semesteret i prinsippet vere meir tilrettelagt for utveksling (sidan 5 studiepoeng fagdidaktikk fell ut til fordel for fag 1). Det er i sjette semester lagt opp til bacheloroppgåve i fag 2, og ein føreset at det blir gitt digital rettleiing frå UiB dersom studenten ikkje får lagt opp eit relevant 10-studiepoengsemne i fag 2 ved lærestaden i utlandet.

Det er behov for oppklaringsrunde med programma og fakulteta om tidspunkt for utanlandsopphald.

#### **Forslag til ein innleiande felles tekst:**

*Studentane blir oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Eit opphald ved eit utanlandsk universitet kan gje både breidde og djupne i læringsutbyttet til studiet, i tillegg til språkkunnskapar og verdifull internasjonal røynsle.*

*Eit utanlandsopphald bør planleggjast i god tid på førehand og kan bli rettleidd og avtalt i samarbeid med studiekonsulent på programmet og dei fagleg ansvarlege institutta.*

*I lektorprogrammet i ..... er det tilrådd med utveksling i ..... semester. Studenten tar då emne i ..... [legg inn riktig informasjon om fag 1/fag2]*

*Til dømes:*

- 7. semester: masteremne (30 sp)
- 6. semester: fag 1 (20 sp) og fag 2 (10 sp)
- 4. semester: fag 2 (30 sp)

*Arbeids- og undervisningsformer*

*Vurderingsformer*

*Litteraturliste*

*Karakterskala*

*Vitnemål og vitnemålstillegg*

*Grunnlag for vidare studium*

*Relevans for arbeidsliv*

#### **Forslag til fellestekst i tillegg til det undervisnings- og fagspesifikke:**

*I tillegg gir lektorutdanning eit godt grunnlag for yrke utanfor skulen der fagkunnskap, formidling og relasjonskompetanse står sentralt, bl.a. i media, organisasjonar, forvaltning og forlag.*

## *Evaluering*

### *Skikkavurdering og autorisasjon*

*Ifølge Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 1714) fastsett av Kunnskapsdepartementet 27. oktober 2023 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 første og sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læraryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre ledd).*

### **Merknad:**

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024. Fram til dess er det *Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 859)* som gjeld.

### *Programansvarleg*

Her bør det synleggjerast både instituttansvar, fakultetstilhørsle og det felles overordna ansvaret som ligg til felles programstyre.

### **Til dømes:**

*Det .... fakultet ved Institutt for .... har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.*

[Felles programstyre for lektorutdanninga ved UiB](#) har eit overordna koordinerande ansvar.

### *Administrativt ansvarleg*

Det .... fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

### *Kontaktinformasjon*

### **Framlegg til vedtak:**

Programstyret ber fakulteta om å følgje opp merknadane til studieplanane frå denne saka og ber fakulteta om å opprette dei framlagde studieplanane med dei omtalte justeringane.

Studieplanane skal vere gjeldande frå og med studentopptaket 2024.

Ettersend vedlegg til sak 1/24, Studieplanar i ny modell  
Følgjeskriv til studieplan for lektorprogrammet i sosiologi

Studieplan for [lektorprogrammet i sosiologi – MASV-LÆSO](#)

Studieplanen for lektorprogrammet i sosiologi var forseinka og vart difor ikkje tatt med i vurderingane i saksomtalen, som blei sendt ut i innkallinga.

I dette følgjeskrivet følgjer spesifikke kommentarar på punkter som gjeld studieplanen for lektorprogrammet for sosiologi, på lik line som for dei andre programma i saksomtalen. Dei generelle kommentarane, råda og forslaga frå saksomtalen vil og gjelde for SV sitt lektorprogram og vil i dette dokumentet berre bli vist til under dei aktuelle overskriftene.

*Namn på studieprogram (nynorsk, bokmål og engelsk)*

Sjå saksomtale

*Namn på grad*

Sjå saksomtale

*Omfang og studiepoeng*

*Fulltid/deltid*

*Undervisningsspråk*

*Studiestart – semester*

*Mål og innhald*

- 1) Viser til saksomtale og rådar MASV-LÆSO om å ta inn følgjande avsnitt som dei andre lektorprogramma har inkludert i sine studieplanar:

*Praksis er integrert i studiet i fire av dei fem studieåra.*

*Lektorutdanninga skal kvalifisere studentane til å vidareutvikle skulen som institusjon for læring og danning i eit demokratisk og fleirkulturelt samfunn. Studiet utdannar lærarar som er ansvarlege og som kan ta medansvar for elevar si læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje samhandling og kritisk refleksjon kring fag, undervisning og læring.*

*Studiet gjev ei god innføring i vitskaplege arbeidsmåtar og forskingsmetodar og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på tilrettelegging for læring, analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, og trening i skriftleg og munnleg presentasjon. Vidare gjev studiet grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, om skulefaga og fremje ferdigheiter for praktisk yrkesutøving.*

- 2) Omtale av fag 2 kan gjerne kortast ned.
- 3) Viser til saksomtale om å ha ei enskapeleg ordbruk. Dette vil gjelde for heile studieplanen og ikkje berre for «mål og innhald».

### Læringsutbytte

Sjå saksomtale.

#### Merknad:

- 1) Evner indikerer gjerne nokre medfødde eigenskapar og er problematisk å ha med i læringsutbyttebeskrivingar. Det vil vere enklare å vurdere om studenten kan orientere seg i faglitteraturen enn om dei har velutvikla evner til det same.

På bakgrunn av dette kan framlegg til ny formulering for dei tre første kuldepunkta under ferdigheiter vere:

- *kan orientere seg i faglitteratur, analysere og har ei kritisk haldning til informasjonskjelder og eksisterande teoriar i fagområda*
- *kan vurdere kor godt underbygde konklusjonane i studiar av samfunnet er*
- *kan skaffe relevant informasjon om samfunnsspørsmål, vurdere og analysere informasjonen med relevante metodar og sosiologiske omgrep, og kan gi munnlege og skriftlege presentasjonar av kunnskapen dette fører fram til*

Av same årsak blir sosiologimiljøet oppmoda til å vurdere moglege alternativ for formuleringane i *Kunnskap* pkt 2: «har god forståing av samanhengane mellom desse perspektiva, omgrepa og metodane og evne til å forklare kva som gjer dei relevante ved undersøkingar av samfunnstilhøva», og *Ferdigheiter* pkt 7: «har evne til ei kritisk, sjølvstendig tilnærming, inkludert til digitale verktøy og kan nytte dei i undervisning, planlegging og kommunikasjon og til å rettleie unge i den digitale kvardagen».

- 2) Rammeplanen er tydeleg på at det samiske skal kome til uttrykk i studieplanar for lektorutdanninga. Dette er ikkje tilfredsstillt i studieplanen for sosiologi, der det må leggjast inn.
- 3) Læringsutbyttepunkta frå pedagogikk er ikkje tilfredsstillande dekt og må leggjast inn. (sjå saksomtale)

For å ivareta ein mest mogleg konsistent formuleringsmåte i studieplanane for lektorprogramma, blir sosiologimiljøet oppmoda til å ha ein ny fagleg gjennomgang av læringsutbyttebeskrivingane, og gjerne med sideblikk til studieplanane for dei andre lektorprogramma.

### Opptakskrav

Sjå saksomtale

### Tilrådde forkunnskapar

Sjå saksomtale.

### Innføringsemne

Sjå saksomtale.

### Obligatoriske emne

Sjå saksomtale.

**Merknad:**

Dersom masteroppgåve skal nemnast, må det òg kome fram at ein skal kunne skrive fagdidaktisk masteroppgåve, eventuelt «alle disiplinar i fag 1, inkludert fagdidaktikk».

*Spesialisering*

Framlegg til tekst: *Sjå emnelista under «rekkefølge for emne i studiet» for nærare informasjon.*

*Tilrådde valemne i studiet*

*Rekkefølge for emne i studiet*

Sjå saksomtale.

**Forslag til tekst for 4. semester og utveksling:**

*Mogleg å reise på utveksling dersom det blir gitt høve til det i fag 2.*

*Delstudium i utlandet*

Sjå saksomtale.

*Arbeids- og undervisningsformer*

*Vurderingsformer*

*Litteraturliste*

*Karakterskala*

*Vitnemål og vitnemålstillegg*

*Grunnlag for vidare studium*

*Relevans for arbeidsliv*

Sjå saksomtale.

*Evaluering*

*Skikkavurdering og autorisasjon*

Sjå sakomtale.

*Programansvarleg*

*Administrativt ansvarleg*

*Kontaktinformasjon*

**Sak 2/24**

**Kortpraksis i ny modell – løysingar for  
fleksible dagar**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssak*



## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 23. januar 2024**

ephorte: 24/30

---

### Dokumenter i saken

- [Programstyresak 72/23 fra 07.12.23](#)
- Brev til MN, 20.12.23 (vedlegg 1)
- Svar fra MN, 08.01.24 (vedlegg 2)

### Bakgrunn

Det er et overordnet mål med redesign av lektorutdanningen å få en lik praksisordning i lektorutdanningen, samt å gjøre praksis kollisjonsfri. Det siste er krevende i kortpraksissemestrene ettersom disse semestrene ikke er rene profesjonssemestre, og studentene tar disiplinfaglige emner. Det er viktig for lektorutdanningen å få en organisering av kortpraksis som fungerer for alle involverte parter, både for skolene og for studentene ved de ulike lektorutdanningsprogrammene ved UiB. I samarbeidet med skolene har det være en utfordring at UiB har hatt mange ulike praksisordninger, blant annet ulike ordninger for studenter med ulike fagkombinasjoner. Det har derfor vært en målsetning i redesignarbeidet å unngå dette i ny modell.

Den 30. november 2023 sendte flere ansatte ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet (MN) et brev til lektorsenteret der det ble pekt på problemer ved den foreslåtte organiseringen av kortpraksis. MN mente det var lagt opp til for lite fleksibel praksis i ny modell for praksis. Studentrepresentanter fra FIL og LUMN skrev også brev om et ønske om fleksibel praksis. Brevet ble lagt frem til orientering i programstyret som en ettersendt sak til møtet 7.12.23. I denne saken ble følgende løsninger foreslått:

**Forslag til løsning, skissert i programstyremøtet 7.12.23:** I programstyremøtet 7.12.23 ble følgende løsning skissert for kortpraksis (fordeling av faste og fleksible dager):

Første kortpraksis (PEDA130) – 5 dager i uke 37, og 3 dager i løpet av uke 38 og uke 39. Det gir studentene 10 dager til å avtale gjennomføring av tre praksisdager. Oppstart langpraksis femte semester i uke 40.

Premisset om en felles ordning for praksis for UiBs lektorutdanning, innebærer at løsningen MN etterspør må kunne gjennomføres i også programmene ved HF og SV.

Andre kortpraksis (DIDAxxx) – 5 dager i uke 37, og 3 dager i løpet av uke 38, 39 og uke 40. Det gir studentene 15 dager til å avtale gjennomføring av tre praksisdager.

Oppstart langpraksis femte semester i uke 40. Det er en utfordring for skolene å ta imot og gi veiledning til flere studentkull samtidig og praksisperiodene bør derfor ikke overlape.

### Oppfølging etter programstyremøtet 7.12.23

Uten inngående kjennskap til timeplanarbeidet er det vanskelig å se hva som gjør det vanskelig å gjennomføre praksis innenfor tidsrommet som er foreslått i ny modell. Lektorsenteret ba derfor MN om å utrede hvorfor den foreslåtte praksisorganiseringen er vanskelig for studentene ved MN og vise hvilke muligheter som fins for å finne fleksible dager uten undervisning. Dette ble gjort i et brev datert 8. januar 2024.

### Ny tilbakemelding fra MN

I svarbrev 8.1. viste MN hvordan første kortpraksis kan la seg organisere i tråd med forslaget fra programstyret. Det lar seg gjøre å ha 5 praksisdager i uke 37, og at studentene avtaler ytterligere tre praksisdager i løpet av uke 38 og uke 39. For at det skal fungere er det imidlertid et premiss at PED130 har undervisningsfri i ukene 37-39. MN ønsket i tillegg at det skulle være mulighet for at én praksisdag skal kunne gjennomføres senere i semesteret.

Fakultetet skriver imidlertid at de har ønsker en mer fleksibel praksisperiode i tredje semester enn det programstyret har lagt opp til. MN ønsker at studentene skal gjennomføre tre fleksible praksisdager i perioden uke 38-44, altså en periode på seks uker. I brevet peker de på at studentens arbeidsbelastning blir stor dersom perioden for fleksibel praksis kun er tre uker, og de ytrer bekymring over at liten fleksibilitet vil gjøre det vanskelig for studentene å få praksis i realfag i skolen.

### Vurderinger av ulike løsninger og alternativer

Programstyret må vurdere de ulike hensynene i denne saken. Som i andre spørsmål i lektorutdanningen må det både tas hensyn til fagmiljø, studenter og skolers ulike faglige behov og logistiske utfordringer.

Dersom det ikke er undervisning i PED130 i uke 37-39 vil UiB kunne ha en lik organisering av første kortpraksisperiode. Etterarbeidet skal timeplanlegges i PED130, noe som ikke gir rom for at MN-studenter har én praksisdag senere i semesteret.

For første kortpraksisperiode anbefales programstyret å gå inn for den foreslåtte løsningen fra programstyret 7.12.23.

### Andre kortpraksisperiode (tredje semester)

MNs ønske om at studenter skal avtale tre praksisdager i løpet av en periode på seks uker får implikasjoner for praksis også ved Det humanistiske og Det samfunnsvitenskapelige fakultet. Som kjent var et av premissene ved redesign av praksis at praksis skulle bli lik for alle lektorprogrammene. Etterarbeidet må derfor legges til uke 45 for alle studenter. For mange studenter vil det innebære at etterarbeidet gjennomføres lenge etter at de har fullført sin praksis i skolen. I dagens modell har studenter på HF og SV tre uker på å fullføre tre praksisdager i KOPRA103. Studentene avtaler med skolen, og studentene klarer å fullføre praksis i løpet av denne perioden, også studenter som har et fag som har få undervisningstimer i skolen. Å begrense perioden for praksis til tre uker, gjør at studentene har relativt ferske praksiserfaringer med seg i etterarbeidet.

I brevet fra MN er det noe uklart hvorfor realfagsstudenter har behov for seks uker til å gjennomføre tre praksisdager, utover at studentene kan fordele arbeidsbelastningen på UiB. Et alternativ til mer fleksibilitet kunne vært at UiB la bedre til rette for at studentene har færre innleveringer og midtveisvurderinger i uke 38-40, og på den måten tilrettelegger for studentens obligatoriske praksisopplæring.

**MNs forslag om utvidet fleksibilitet i andre praksisperiode kan også tenkes å ha positive effekter:**

Timeplanteknisk løser fleksibel praksis en floke for UiB. Det er kun behov for å kollisjonssikre uke 37, og undervisningen i resten av semesteret kan legges uten å måtte tilpasse den til praksis. Studentene må da selv koordinere når de skal gjennomføre praksis, ved å sammenstille timeplanen de har ved UiB og timeplanen de har ved sin tildelte praksisskole. Fordelen med dette er at studentene kan planlegge praksis i perioder hvor de har mindre arbeidsbelastning på UiB, eksempelvis legge praksis til perioder hvor det ikke er lab, midtveiseksamen eller innleveringer. Dette gir studentene større grad av selvbestemmelse, men det gir dem også et større ansvar. Tilretteleggingen for å sikre kollisjonsfri praksis overlates i denne løsningen til studentene og til skolene.

**For andre kortpraksisperiode (tredje semester) foreligger det i praksis tre ulike løsninger:**

- 1) Praksis legges til uke 37 (5 dager), og studentene skal avtale tre praksisdager i uke 38-40, i tråd med forslaget til programstyret 7.12.
- 2) Praksis legges til uke 37 (5 dager), og studentene skal avtale tre praksisdager i uke 38-44, i tråd med forslaget til MN. Etterarbeidet vil da legges i uke 45 for alle studenter, noe som bl.a. innebærer at en del studenter har mange uker mellom gjennomført praksis og etterarbeidet.
- 3) En løsning der programstyret ser bort fra premisset om en helhetlig praksisorganisering, og har en modell for HF og SV-studenter (se punkt 1 over), og en annen modell for MN. Denne anbefales ikke. Å innføre to ulike ordninger for praksis, skaper flere utfordringer og betyr at UiB må ha ulik informasjon ut til skolene, avhengig av studentens fakultetstilhørighet.

**Overgangsperioden med to ordninger**

UiB vil ha to ulike modeller for praksis fra høsten 2024 og til og med høsten 2026. Høsten 2024 skal lektorstudentene på kull 2024 alle ha 8 kortpraksisdager i skolen, samtidig som studentene på kull 21, skal ha 28-41 praksisdager i skolen. I perioden med dobbel modell vil vi allerede komme til å belaste skolene med ulike ordninger og overlappende tidsperioder. Det anbefales i utgangspunktet ikke å innføre en tilleggsutfordring med fast overlappende praksisperioder i denne perioden.

**Forslag til vedtak:**

Programstyret støtter løsningen for kortpraksis i første semester (PEDA130) med 5 faste dager i uke 37 og avvikling av tre fleksible dager i uke 38-39, og at man har en felles organisering av kortpraksisperioden på tvers av lektorutdanningen.

Programstyret støtter alternativ 1 for organisering av kortpraksis i tredje semester, med 5 faste dager i uke 37 og tre fleksible dager i uke 38-40, og at man har en felles organisering av kortpraksisperioden på tvers av lektorutdanningen.

Det foretas en evaluering av ordningen etter første gjennomføring, som legges frem for programstyret.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Postboks 7803  
5020 Bergen

Deres ref

Vår ref

Dato

2023/17904-HEEK

20.12.2023

## Svar om organisering av kortpraksis i ny modell i lektorutdanningen

### Bakgrunn

I to brev til felles programstyre og styringsgruppe datert den 30. november skriver utdanningsledere og studenter ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet at den foreslåtte organiseringen av kortpraksis i ny modell ikke er mulig eller ønskelig for studentene ved lektorprogrammet i naturvitenskap og matematikk. Etter deres syn har lektorstudenter ved MN behov for mer fleksibilitet i forbindelse med praksisdagene som studentene selv skal avtale med sin praksisskole.

Brevene ble lagt frem som en orienteringssak for felles programstyre for lektorutdanningen i møte 7.12. med en redegjørelse for noen konsekvenser av de omtalte løsningene, og et forslag til løsning for å gi fleksibilitet i avviklingen av kortpraksis. Det ble i møtet slått fast at plassering av kortpraksis vil bli nærmere utgreid i programstyremøte 23. januar 2024 og at programstyret da vil ta stilling til hvordan dette kan løses.

### Generelle vilkår og lik praksisordning i lektorutdanningen

Når vi skal vurdere plassering av praksisuker for lektorstudentene ved MN, må vi se litt nærmere på de generelle vilkårene for praksisgjennomføring i lektorutdanningen.

Det er et overordnet mål med redesign av lektorutdanningen var å få en lik praksisordning i lektorutdanningen, samt å gjøre praksis kollisjonsfri. Det siste er krevende i kortpraksissemestrene ettersom disse semestrene ikke er rene profesjonssemestre, og studentene tar disiplinfaglige emner. Det er viktig for lektorutdanningen å få en organisering av kortpraksis som fungerer for alle involverte parter, både for skolene og for studentene ved de ulike lektorutdanningsprogrammene ved UiB. I samarbeidet med skolene har det være en utfordring av UiB har hatt mange ulike praksisordninger, blant annet ulike ordninger for studenter med ulike fagkombinasjoner. Det har derfor vært en målsetning i redesignarbeidet å unngå dette i ny modell.

### Organisering av kortpraksis i ny modell

Kortpraksis (10 dager) omfatter følgende: 8 dager i skolen og to økter med for- og etterarbeid. For- og etterarbeid legges utenom selve praksisukene, og inngår i undervisningen på hhv. emnene PEDA130 og didaktikkemnene i tredje semester. For- og



etterarbeidsseminarene har normalt en varighet på 3-4 timer. Det er i realiteten da 8 praksisdager som må plasseres innenfor praksisukene og være kollisjonsfrie med annen undervisning.

### **Forslaget som ble presentert for programstyret 7.12.**

Forslaget om organisering av kortpraksis som ble presentert i programstyret 7.12., la opp til at uke 37 er fast praksisuke for både 1. og 2. kortpraksisperiode (hhv første og tredje semester). I uke 37 avvikles da 5 praksisdager både for første og andre kortpraksis og det gjenstår 3 dager som etter forslaget til MN avvikles som fleksible dager innen en gitt tidsperiode.

### **Forslag presentert for programstyret:**

Første kortpraksis (PEDA130) – 5 dager i uke 37, og 3 dager i løpet av uke 38 og uke 39. Det gir studentene 10 dager til å avtale gjennomføring av tre praksisdager.

Andre kortpraksis (REALDID100) – 5 dager i uke 37, og 3 dager i løpet av uke 38, 39 og uke 40. Det gir studentene 15 dager til å avtale gjennomføring av tre praksisdager.

For å forstå bakgrunnen for forslagene om praksisuker, må vi se nærmere på de respektive semestrene.

### **Rammer for første kortpraksisperiode**

Kortpraksis i første semester er innlemmet i pedagogikkemnet PEDA130. For- og etterarbeid skal derfor timeplanlegges ved Det psykologiske fakultet/Institutt for pedagogikk. En kritisk faktor ved timeplanleggingen av praksis i PEDA130 er at denne praksisen ikke kan kollidere med langpraksis, ettersom disse praksisemnene gjennomføres i samme skoleslag.

Ungdomsskolene i Bergen og omegn melder at de ikke har kapasitet til å ta imot studenter fra to ulike praksisemner på samme tid. På ungdomstrinnet har UiB konkurranse fra andre UH-institusjoner på Vestlandet, og antall praksisskoler tilgjengelig er derfor begrenset.

Problemet lar seg ikke uten videre løse ved å rekruttere flere praksisskoler. Det må derfor løses ved at de to praksisperiodene ikke ligger parallelt i semesterplanen.

Det er altså flere forhold som ligger til grunn for forslaget til plassering av kortpraksisuker i første semester.

### **Rammer for andre kortpraksisperiode**

I tredje semester skal for- og etterarbeid timeplanlegges i de respektive fagdidaktikkemnene, som for MN er REALDID100.

For andre kortpraksisperiode kan det være en løsning å utvide perioden hvor studentene selv skal planlegge gjennomføringen av praksisdager. Dersom et slikt grep gjør avviklingen av praksis enklere for MN, er dette noe som kan vurderes. Årsaken til at perioden for kortpraksis kan utvides noe i tredje semester (og ikke i første semester), er at denne praksisperioden skal gjennomføres i videregående skole. Vi har flere samarbeidsskoler på dette trinnet, og det er kun PPU-kullet som har praksis parallelt med andre kortpraksis. PPU-kullene er mindre enn kullene på 5LU, og skolene klarer derfor å ta imot begge praksisordninger parallelt.

### **Obligatoriske elementer ved MN og innhenting av informasjon**

I brevet fra MN pekes det på at spesielt lab-virksomhet gjør det vanskelig å ha kun to til tre uker fleksibel praksis etter uke 37. Lektorsenteret forstår at det vil innebære store kostnader å arrangere egne laboratorie-øvelser for lektorstudentene. Vi er også generelt innforstått med at timeplanene på MN er kompliserte.

Vi ber derfor om bedre kunnskapsgrunnlag om innslag av obligatoriske element generelt, og om det handlingsrommet som ligger i semestergjennomføringen, spesielt knyttet disse elementene. Vi ber om at informasjonen oversendes innen 9. januar:

a) En enkel fremstilling fra MN av de obligatoriske elementene i timeplanen for de vanligste fagkombinasjonene for studentene på 1. semester (3. også) i uke 37, 38 og 39. Det som er viktig å se på er hva som er studieløpet for en student med en gitt fagkombinasjon, for eksempel matte og fysikk, matte og biologi, osv. Fremstillingen bør vise hver fagkombinasjon enkeltvis.

b) At fremstillingen også viser hvilke muligheter som fins for å finne tre kollisjonssikre dager i løpet av uke 38-39 for studentene i 1. semester og 38-40 for studentene i tredje semester.

c) Vi ønsker også en redegjørelse for hvordan utvidelse av fleksibel praksis vil kunne lette kollisjonene for studentene.

Denne informasjonen vil gi felles programstyre et godt beslutningsgrunnlag når plasseringen av praksis skal vedtas, i tillegg til å gi en omforent forståelse av kollisjonsproblematikken.

Vennlig hilsen

Ranveig Lote  
seksjonsjef

Hege Ekeland  
rådgiver

Lektorsenteret

Referanse

2023/17904-MAJE

Dato

08.01.2024

## Svar fra MN om organisering av kortpraksis

I 1. semester av MNs lektorprogram inngår disse emnene: PEDA120, et matematikkemne (MAT101,105 eller 111) og et av BIO100/KJEM110/INF100. Disse emnene inngår i svært mange studentgrupper, bl.a. for program på andre fakultet. Eks. MAT111 inngikk H23 i 28 studentgrupper, INF100 i 19. Av den grunn ligger undervisningstidene i de fleste emnene fast.

Det er få krav til obligatorisk tilstedeværelse, med unntak av laboratoriekurs i KJEM110, men både undervisningsformer (bl.a. TBL der tester i undervisningen kan telle med på karakter) og progresjon i emnene, forutsetter i stor grad tilstedeværelse i undervisningen. Videoopptak kan bare i noen tilfeller brukes som erstatning.

Ved hjelp av videoopptak i KJEM110 og INF100, vil det være mulig å rydde timeplanen slik at en dag pr. uke i uke 38 og 39 kan brukes til praksis. Det forutsetter at PEDA130 ikke legger undervisning i disse ukene. Det kan sannsynligvis være mulig å rydde en dag til for de fleste studentene i enten uke 38 eller 39. Mandager og torsdager vil være de beste dagene.

Vi ønsker likevel en åpning for at den tredje dagen kan legges senere i semesteret etter avtale mellom student og praksisskole, selv om den fortrinnsvis skal legges til uke 38 eller 39.

Vi er bekymret for at all av kortpraksis samles på så få uker. Det gir studentene en stor belastning i denne perioden, noe som ville vært bedret om de siste praksisdagene var fleksible. Løsningen åpner også i liten grad for fleksibilitet med tanke på at studentene kan få praksis i realfag.

For kortpraksis i 3. semester ønsker vi derfor større fleksibilitet og en lengre periode å gjennomføre de fleksible dagene på, f.eks. i løpet av uke 38-44. Siden det ikke er utfordring med praksisplasser i vgs mener vi det bør være mulig og vi har gode erfaringer med en slik ordning fra KOPRA103.

Vennlig hilsen

Sigrun Eliassen  
utdanningsdekan

Johan Lie  
leder for Lektorutdanningsutvalget

Bianca Nygård  
studiesjef

**Sak 3/24**      **NOU 2023:27 Et nytt system for  
kvalitetsutvikling – for elevenes læring og  
trivsel**

Notat frå programstyret for PPU

*Vedtaks sak*



## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 23. januar 2024**

ephorte: 24/30

---

### Bakgrunn

1. april 2022 oppnemnde regjeringa eit utval for kvalitetsutvikling i skulen for å gå igjennom og vidareutvikle kvalitetsvurderingssystemet i skulen. I mandatet for utvalet blir det vist til eit spesifikt mål om å redusere omfanget av testar og prøvar i skulen. Utvalet si hovudinnstilling «[Et nytt system for elevenes læring og trivsel](#)» vart lagt fram 13.11.23. Kunnskapsdepartementet har no sendt utgreiinga på høyring, med høyringsfrist 20. februar 2024.

Høyringa omhandlar særleg skulane og skuleeigarane sine ulike oppgåver og ansvar i høve til kvalitetsutvikling i skulen og rører slik sett fagmiljø ved UiB med kompetanse på skule og lærarutdanning. Utvalet føreslår fleire tiltak for eit nytt og heilskapleg kvalitetsutviklingssystem som skal fremje elevane si læring og trivsel i skulen.

[Høyringa sitt kapittel 7](#) omtalar særleg kompetansebehovet hjå ulike partar i skulen og i tilknytning til skulen. Her er det fleire forslag til tiltak som rører ved UH direkte, mellom anna om lærarutdanningane, etter- og vidareutdanningstilbod innan området kvalitetsutvikling i skulen, forskingsprogram om kvalitetsutvikling i skulen og introduksjonsår for nye lærarar. Fleire av punkta blir også sett i samanheng med dei føreslåtte endringane i [NOU 2022: 13 Med vidare betydning: Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole](#), som særleg er relevant for etter- og vidareutdanning retta mot lærarar/skulen og tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i skulen (dekomp og kompetanseløftet).

I samband med høyringa inviterte Kunnskapsdepartementet til ein høyringskonferanse i Bergen 16. januar.

### Prosess

Det er Studieavdelinga som handsamar høyringa ved UiB og dei har invitert fakulteta, UiB Videre, SLATE og lektorsenteret til å komme med innspel. Intern frist for innspel er sett til 31. januar og UiB vil sende eit samla høyringssvar innan 20. februar.

### Innspel i frå lektorsenteret

Innspelet frå lektorsenteret skal handsamast i felles programstyre og vi ber programstyret vurdere følgjande utkast til høyringssvar:

### **Høyringsmerknader til NOU 2023:27 *Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel***

Programstyret for lektorutdanning viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet om NOU 2023:27 *Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel*.

Utgangspunktet for NOU 2023:27 er at regjeringa gjennom Hurdalsplattformen ønskte ein gjennomgang av nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS) med mål om redusere omfanget av testar og prøver i skulen.

Programstyret for lektorutdanning stiller seg generelt positivt til ein slik gjennomgang. Vi støtter målet om at det i vurderingsarbeidet i skulen skal leggjast meir vekt på fagleg, fagdidaktisk og pedagogisk kvalitetsutvikling, og mindre vekt på detaljstyring, rapportering og dokumentasjon, slik det òg gjennom intensjonane i NOU 2023:27 blir framheva at ein ønskjer.

Saman med den førre NOU-en frå utvalet (NOU 2003:1) gir NOU 2023:27 fleire interessante analysar av det eksisterande vurderingsregimet i grunnskulen og vidaregåande skule. Vi støtter fleire av dei tiltaka som blir tilrådde, særleg om kompetanseutvikling for lærarar, som vi har særleg interesse av og føresetnader for å gi innspel om. Samtidig representerer ikkje NOU-ane eit radikalt brot med det vurderingsregimet som finst i skulen. I den samanhengen vil vi òg kommentere nokre problematiske sider ved den siste NOU-en.

#### *Kvalitetsomgrepet sett i høve til vurderingsregimet*

Omgrepet *kvalitet* står sentralt i NOU 2023:27. Kvalitetsomgrepet i dokumentet følgjer tredelinga fysikaren Avedis Donabedian (1980) formulerte for kvalitet i helsesektoren, og som seinare er blitt tradert i fleire styringsdokument for norsk skule (bl.a. NOU 2002:10), nemleg «resultatkvalitet», «prosesskvalitet» og «strukturkvalitet». Utvalet problematiserer ikkje denne kvalitetsforståing. Når det gjeld fokusområde, framhevar utvalet i NOU-en at ein vil leggje vekt på dei sidene ved kvalitet som handlar om organisatoriske prosessar og aktørane sine roller, og at ein vil gjere det i større grad enn kva tilfellet har vore i tidlegare styringsdokument. Her kan ein såleis sjå ein tendens. Utvalet ønskjer å sjå aktørrollene i samheng med strukturelle faktorar. På den bakgrunnen handlar mange av framlegga i NOU-en om «dialog» og informasjonsflyt mellom aktørar på leiarnivå i skulesektoren.

Framlegg til tiltak frå utvalet er ført opp i tabellform på side 14–15 i NOU-en. Her er det lista opp bl.a. dokumentering, verktøy, prøver, internasjonale testar, undersøkingar, dialogmøte, strukturar etc. Dei fleste av tiltaka kan knytast til utvalet si tru på at betre dialog og informasjonsflyt på leiarnivå er det som i størst grad kan fremje kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Utvalet bruker nemninga «kvalitetsutvikling» når ein viser til det som i andre dokument er blitt kalla «kvalitetsvurdering» og «kvalitetsvurderingssystem». Denne nemningsbruken ligg delvis i mandatet, og intensjonen er å markere relasjonen mellom vurdering, mål og innhald, dvs. at vurderingsregimet skal bidra til å styrkje kvaliteten på opplæringa og betre læringsutbyttet til elevane. Samtidig er det problematisk at dei tiltaka ein refererer til når det gjeld kvalitetsutvikling i skulen, i hovudsak handlar om vurderingsregimet. Då «kuppar» ein samtidig kvalitetsomgrepet til å handle om desse faktorane. Det har den moglege effekten at det innsnevrar samtidig rammene for kva «kvalitetsutvikling» handlar om. Vi vil difor nytte høvet til å framheve at kvalitet i skulen ikkje berre dreier seg om vurderingsspørsmål. Kvalitet er knytt til graden av alle gode eigenskapar som skulen har på alle delar av dei breie mandatet sitt. Det finst kvalitetsfaktorar som ikkje like lett kan vurderast, og i liten grad kan vurderast kvantitativt.

**Framlegg: I det vidare arbeider vil vi be om at det blir skilt tydelegare mellom a) generelt arbeid for kvalitetsutvikling og b) arbeid knytt til det som er kvalitetsvurderingssystemet i skulen.**

#### *Kvalitative kjelder og kvantitative kjelder*

Vi er einige med utvalet om at det bør leggjast til rette for fleire kvalitative kjelder for å gi kunnskap om kvalitet i skulen, ikkje berre kvantitative kjelder som har fått ein sterkare posisjon dei siste tiåra gjennom test- og prøveregimet. Dette poenget vart òg i nemnt i den førre NOU-en frå utvalet (NOU

2023:1). Vi er einig i det som står i NOU 2023:1, s. 109, om at psykometrisk orienterte testar (gjennom nasjonale prøver og internasjonale testar) har fokus på relabilitet, men ikkje like stort fokus på validitet, sidan dei ikkje vurderer breidda i skulens oppdrag eller breidda i faga. Sidan vurderingsregimet gir føringar for kva lærararar prioriterer i undervisninga, kan ein seie at dagens vurderingsordningar gir ei skeivfordeling til fordel for kvantitative og ferdigheitsorienterte tilnæringsmåtar i skulen.

Utvalet kjem derimot ikkje med konkrete framlegg til korleis det kvalitative aspektet skal styrkjast i vurderingsarbeidet, og representerer såleis ikkje eit brot med det noverande testregimet, sjølv om ein problematiserer det.

**Framlegg: Vi vil tilrå meir rom kvalitative tilnæringsmåtar i vurderingsarbeidet, og at det blir poengtert i dei vidare prosessane, bl.a. i komande stortingsmelding.**

#### *Eksamen og nasjonale prøver*

Fleirtalet i utvalet går inn for å avvike eksamen i grunnskulen. I og med at utvalet framleis vil halde på ordninga med karakterar, betyr det at standpunktkarakteren vil spele ei avgjerande rolle for karaktergivinga. Det blir i den samanhengen peikt på behov for «strukturer for læreres arbeid med standpunktvurdering». Det ser vi på som eit godt tiltak for å gjere standpunktkaraktergivinga meir påliteleg. Samtidig illustrerer behovet for slike strukturar eit allment poeng, nemleg at eksamen i dag fungerer som kvalitetssikring på nettopp standpunktvurdering. Ei viktig utfordring i denne samanhengen er den såkalla *karakterinflasjonen* som det har vore sett særleg søkjelys på i Sverige den siste tida. Både som sluttvurderingsgrunnlag for den einkilde eleven og som informasjonsgrunnlag for samfunnet og for forskning spelar eksamen i dag ei viktig rolle, og vi har mykje kunnskap om eksamen jamført med andre vurderingsmåtar. Det er vanskeleg å sjå at det er lagt opplegg for at standpunktvurdering på ein god nok måte tek vare på dei omsyna som eksamen bidreg til.

Vi ser det såleis som problematisk å leggje ned eksamen i grunnskulen, utan at det blir poengtert meir tydeleg korleis ein skal kunne sikre gyldigheita til standpunktkarakterar.

Når det gjeld nasjonale prøver, er det vanskeleg å sjå at det alternative framlegget om «nye læringsstøttende prøver» med fokus på grunnleggjande ferdigheiter vil representere noko nytt.

#### *Relevant kompetanse*

Som lektorutdanningsinstitusjon ser vi det som positivt at det blir framheva behovet for relevant kompetanse for å styrkje kvaliteten og vurderingskulturen i skulen. UiB utdannar gjennom lektorutdanninga kandidatar med kompetanse i kvalitetsutvikling og vurdering, og vi gir på den måten bidrag for å styrkje kvaliteten i skulen etter det reonnementet som blir framheva i NOU-en. Vi vil påpeike at det i dagens forskrift om rammeplan for lektorutdanning 8–13 blir fastslått at lektorutdanningsinstitusjonane har ansvar for å sikre kandidatane kompetanse i å drive kvalitetsutviklingsarbeid og sluttvurdering. (Jamfør følgjande kompetansemål i rammeplanen: «kan beskrive kjennetegn på kompetanse, vurdere og dokumentere elevs læring, gi læringsfremmende tilbakemeldingar og bidra til at elevane kan reflektere over egen læring og egen faglige utvikling»).

Vi ser samtidig med interesse på framlegget i NOU-en om å styrkje etter- og vidareutdanningstilbodet knytt til kvalitetsvurdering i skulen. Vi ser det som viktig at då òg kvalitative

tilnæringsmåtar knytt til breidda i skulens oppdrag blir ein del av eit slikt tilbod, og ein får ei fagspesifikk tilknytning som kan involvere fagmiljø nedanfrå både på skulane og i UH-sektoren.

Vi vil vidare støtte framlegget frå NOU-en om rett til introduksjonsår for alle nyutdanna lærarar, og at nyutdanna lærarar får rettleiing i arbeidet med å setje standpunktteikningar. Her kan ein byggje på strukturar som er etablert i samarbeidet mellom UH-sektoren og skuleverket, i vårt område bl.a. gjennom ordninga «Ny som lærar i Vestland», men med tydelegare føringar for å knyte vurderingsarbeidet meir spesifikt til faga i skulen.

Eit viktig moment som til ein viss grad blir nemnt i NOU-en, er den faglege kvalitetsutviklinga som lærarane gjer som delar av ein profesjonsfellesskap. Her vil vi framheve den fagspesifikke profesjonsfellesskapen. Det dreier seg då ikkje berre om «dialog» eller om erfaringsdeling av eksemplariske framgangsmåtar i generelle kontekstar. Vi ønskjer eit tydelegare fokus på faglærarane sine faglege diskusjonar, t.d. om innhald i faget, føremål med faget, funksjonar til faget, roller til faget i høve til endringar i skulekvardagen og samfunnet. etc Her kan meir systematisk kontakt mellom fagmiljø i skulen og fagmiljø i UH-sektoren vere til nytte.

#### *Omfanget av prøver og rapportering*

Det blir i skulane produsert og lagra mykje informasjon frå testar og rapportar: internasjonale testar, nasjonale prøver, kartleggingsprøver etc. Eitt moment handlar om analysane av all data som er knytt til skulane. Det er i skulane og blant skuleeigarane avgrensa ressursar til å analysere den store mengda data som kjem fram fram. Her vil det vere føremålstenleg med tettare samarbeid mellom skulane, skuleeigarar og UH-sektoren, og ikkje primært ha søkjelyset på ferdiglaga analyseverktøy, som det blir lagt ein del vekt på i NOU-en.

### **Framlegg til vedtak**

Programstyret vedtek at utkast til høyringstekst om NOU 2023:27 skal danne grunnlag for programstyret sitt høyringsinnspel.

**Sak 4/24**

**Høyring: Forslag til forskrift til ny  
opplæringslov og forslag til ny forskrift til  
privatskoleloven.**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 23. januar 2024**

ephorte: 24/30

---

Etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Utdanningsdirektoratet send forslag til forskrift til ny opplæringslov og forslag til ny forskrift til privatskoleloven, ut på høyring.

Høyringa er delt inn i åtte delar. Den første delen er ein innleiande del til høyringa, del to til sju tilsvarar delane i forslaget til forskrift til ny opplæringslov og del åtte i gjeld forslag til ny forskrift til privatskoleloven. Ein kan gi innspel til ein eller fleire delar, eller til heile høyringa, og spørsmåla ligg løpande i teksten.

Høyringa er open for alle, og alle som ønskjer det, kan sende inn ein uttale. Høyringsfristen er sett til 18. februar.

Det kan samstundes vere ynskjeleg å sende inn eit felles svar frå lektorutdanninga ved UiB og felles programstyre blir bedt om å komme med innspel.

[Høyringsdokumenta med kommentarfelt ligg her.](#)

[Ytterlegare informasjon om høyringa m.m. kan ein finne her.](#)

**Sak 5/24**      **Oppfølging av programevaluering av PPU –  
kartlegging av emnedimensjonering**

Notat frå programstyret for PPU

*Vedtaks sak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 23. januar 2024**

ephorte: 24/30

---

I tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning ble det i 2022 gjennomført programevaluering av praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) for perioden 2017-2022. Programevalueringen ble levert 15. februar 2023. På bakgrunn av anbefaling fra den lokale studiekvalitetskomiteen vedtok fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet reakkreditering av PPU i møtet 31. august 2023, [sak 76/32](#).

I tilbakemeldingen fra studiekvalitetskomiteen ble det pekt på et behov for å få bedre oversikt over PPU-studentenes arbeidsbelastning, med tanke på at praksisemnene ikke gir uttelling i studiepoeng, og i lys av dette undersøke om de studiepoengtellende emnene på programmet er overdimensjonert.

Saken ble drøftet i møtet i Programutvalget for PPU 28.11.23. Der ble det også påpekt at det er noen ulikheter på didaktikkemnene når det gjelder omfang av obligatoriske arbeidskrav og kravene til prosjektoppgaven, som er en mulig vurderingsform for mange av emnene på 2. semester.

En kartlegging av vurderingsformer og obligatoriske aktiviteter på emnene som er gjort i forbindelse med de tidligere planleggingsdagene for PPU, og som nå er blitt oppdatert, tydeliggjør at det er en del ulikheter. Mens noen av didaktikkemnene har inntil fire obligatoriske arbeidskrav, har andre ingen. Noen av disse forskjellene har sammenheng med at flere av MN-emnene har et omfang på 10 studiepoeng og går over to semestre, og følgelig har større arbeidsbelastning. Men på de fleste didaktikkemnene, som er på 7,5 studiepoeng, kan det virke uheldig at studentene opplever forskjeller i arbeidsbelastning på emner innad på programmet.

På bakgrunn av oppfølgingspunktene fra studiekvalitetskomiteen og drøftingen i Programutvalget for PPU, vil Det psykologiske fakultet som programeier ta initiativ til å gjennomføre en kartlegging av dimensjonering og studiebelastning på emnene som inngår i PPU-studiet.

Programansvarlig for PPU, Liv Eide, vil orientere om videre plan for denne kartleggingen på møtet.



**Sak 10/24**

**Rekruttering**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 23. januar 2024**

ephorte: 24/30

---

### Studentambassadør i fast stilling

I juni 2023 tilsette lektorsenteret ein studentambassadør for lektorutdanninga i eit engasjement på 6 mnd. i 12% stilling. Prøveordninga vart vurdert vellukka og frå desember 2023 blei studentambassadørstillinga lyst ut som fast stilling.

Føremålet med stillinga er å fremje lektorutdanning gjennom bl.a. desse arbeidsoppgåvene:

- Planlegge og produsere innhald til sosiale medium, som Instagram, Snapchat og Tiktok
- Ta foto og video til bruk i sosiale medium og/eller nettsider
- Representere lektorutdanninga i ulike settingar slik som skulebesøk, Universitetsturneen, andre arrangement og andre formidlingsoppgåver
- Andre arbeidsoppgåver slik som møteverksemd, videoinnspelningar og kampanjearbeid

Eitt av kvalifikasjonskrava er at studenten er tatt opp på eit av lektorutdanningsprogramma ved UiB.

Det var 10 som søkte på stillinga. Den som ble tilsett er masterstudent i 10. semester frå lektorprogrammet til historie og religion og har allereie hatt den same stillinga som eit midlertidig engasjement sidan juni 2023.

Stillinga er knytt til lektorsenteret men får aktuell opplæring i dei kommunikasjonsfaglege sidene av jobben ved Kommunikasjonsavdelinga (KA) ved UiB og inngår i eit team med andre studentambassadørar på KA, som arbeider for UiB.

Vi har svært gode erfaringar med ordninga med studentambassadør så langt og med forlenginga vil vi kunne vidareføre rekrutteringsarbeidet som er påbegynt i pilotengasjementet, noko som vil vere positivt for siste fase av rekrutteringsperioden før søknadsfrist.

Det er i utgangspunktet vanskeleg å kartlegge direkte effektar av SoMe i samanheng med rekruttering. Sidan lektorsenteret har ein eigen studentambassadør, som er spissa inn mot lektorutdanninga, vil det likevel vere interessant å prøve kartlegge effekten av arbeidet. Lektorsenteret planlegg difor å gjennomføre ei mentimeter-undersøking under velkomstmøte for nye lektorstudentar i august, der vi undersøker i kva kanaler dei nye studentane har blitt merksamme på lektorutdanninga ved UiB.

### Julekampanje

Før jul hadde lektorsenteret restmidlar på rekrutteringsbudsjettet. I dialog med KA blei det semje om å bruke desse restmidlane på ein julekampanje for både PPU og lektorprogramma. KA hjalp lektorsenteret med å iverksette dette.

Julekampanje for lektorprogramma:

- Lektorprogramma hadde annonsar på SnapChat og Instagram.

- På SnapChat brukte vi ca. kr 7200,- og annonsane blei vist 185 000 gongar til 33 100 unike profiler, og fekk 2155 klikk inn til nettsida. 1727 gongar har nokon sett over halvparten av videoen.
- På Instagram brukte vi kr 7000,- og annonsane blei vist 425 400 gongar til 119 000 unike profiler. Dette ga 107 klikk til nettsida. (Det er likevel registrert 200 besøk på uib.no frå folk som har klikka på disse annonsane, så dei har kanskje kome tilbake fleire gongar). Over halvparten av videoen blei vist 6525 gongar, og heile videoen blei sett 2955 gongar.

Julekampanje for PPU:

- PPU hadde annonsering på Facebook og Instagram. Her blei det brukt i underkant av kr 5000,- og ga 181 000 visningar til 68 400 unike profiler og 933 klikk til nettsida. 8900 gongar er over halvparten av videoen sett, og 4140 gongar har nokon sett heile videoen.

Frå sentralt hald vart det også annonsar på Google Ads, kor ein rettar annonseringa mot folk som søker etter spesifikke studieprogram/utdanningar som t.d. "PPU", "lektor", "lektor realfag" og liknande. Her hadde særleg «PPU» svært mange treff i perioden og var det mest søkte etter i UiB sin konto, berre slått av «master». For lektorutdanninga var mest søkte søkeorda «bli lektor» og «lektorutdanning», medan dei konkrete programma/faga hadde færre søk.

#### Samarbeid med fakulteta

I starten av januar inviterte lektorsenteret kommunikasjonsmedarbeidarar frå fakulta og KA til eit møte for å diskutere rekruttering for lektorutdanninga og PPU.

Her vart det semje om å tenke på, og rekruttere for, lektorutdanninga som ei eining og at lektorutdanninga sin studentambassadør vil ha den nødvendige kunnskapen og kompetansen inn i ein rekrutteringskampanje, framfor eit rekrutteringsbyrå. Lektorsenteret vil difor gå i dialog med KA og studentambassadøren om å lage ein felles kampanje for lektorprogramma.

PPU vil halde fram med å stille på karrieredagar og halde informasjonsmøte(r) for noverande studentar. Tidlegare var desse møta mynta på berre master-studentar, medan det no er ønskjeleg å også inkludere bachelor-studentar. Vi vil framover også bruke kanalane til UiB Videre bruker for å informere om vidareutdanningstilbod for lærarar, også til å nå ut med informasjon om PPU.

Lektorsenteret planlegg å ha møte med fakulteta to gonger i året, oktober og januar, for å drøfte og planlegge rekruttering til lektorutdanninga.